UTDANNINGS FORBUNDET
Fjaler

Resolusjon til årsmøtet i Utdanningsforbundet Fjaler 2024

Forslaget kjem frå klubben på Flekke skule
Blir presentert av tillitsvald Anita Nyland Skår

Fagleg og sosial retning i Fjaler-skulen

Som tilsette i Fjaler-skulen har vi gjennom ei årrekkje opplevd at utviklingsarbeid og innhald i planleggingsdagar har skifta fokus mange gongar. Vi har sakna ei tydeleg retning i utviklingsarbeidet for at ein skal kunne vite kva ein skal prioritere i utviklingstida og få tid og moglegheit til å implementere det ein lærer i den daglege drifta.
Ein opplev at utviklingsarbeidet over lengre tid har handla om elevane sitt psykoskoiale miljø. Ein synest at dette er viktig, men som pedagogar treng vi også utviklingsmoglegheiter i undervisningsfaga.
Utdanningsforbundet Fjaler ber arbeidsgjevar setje saman eit utval tilsette frå ulike einingar, tillitsvalde og kommunalsjef oppvekst, og utarbeider ein utviklingsplan for Fjaler-skulen.

Forslag til vedtak
Resolusjonen sendast til politikarar, kommunaldirektør og kommunalsjef oppvekst.